

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.02.2016

Vår ref.: 201003720-11

Arkiv: 312 / 063.A1C

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anne Johanne Rognstad

To søkjarar – Søknad om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Vaksdal kommune i Hordaland – høyring

NVE har motteke søknadar frå to søkjarar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Vaksdal kommune i Hordaland. Søknadane skal handsamast samstundes, og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Fjellfossen kraftverk – NGK Utbygging AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 410 m i Fjellfosselva, frå inntaket på kote 750 til kraftstasjonen på kote 340. Vassvegen vil bli 1230 m totalt, 630 m vil vere tunnel og 600 m vil vere nedgrave i grøft. Det vil ikkje bli bygd veg til inntaket, men det må byggjast 2300 m ny veg inn til kraftstasjonen.

Middelvassføringa er 780 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1600 l/s.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,44 MW, og vil etter planane produsere 16,5 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 22 l/s heile året. Til jamføring er dei utrekna 5-persentilverdiane høvesvis 33 l/s og 19 l/s.

Nonstadgilet kraftverk – Blåfall AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 530 m i Nonstadgilet, frå inntaket på kote 795 til kraftstasjonen på kote 265. Vassvegen vil bli 1850 m totalt vil vere nedgrave i grøft. Store Nonstadgilsvotn planleggjast overført til syndre Nonstadgilsvotn. Det planleggjast anleggsveg som vil følgje rørgata opp til inntaket. Det er ikkje naudsynt med ny veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 320 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 880 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,7 MW, og vil etter planane produsere 9,7 GWh årleg. Dette er i storleik med berekna alminneleg lågvassføring.

Steinsedalselvi kraftverk – Blåfall AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 478 m i Steinsedalselvi. Det er planlagt tre inntak på kote 740 og kraftstasjon på kote 262. Frå to av inntaka vil vassvegen gå i tunnel øvst, og blir kopla til nedgravd rørgate frå det tredje inntaket. Det er planlagt felles kraftstasjon for Steinsedalselvi og Leirofossen kraftverk. Det skal ikkje etablerast veg til inntaka, men det er naudsynt med 750 m ny veg frå Myster til

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

kraftstasjonen. 550 m av vegen er samanfallande med planlagd veg til Fjellfossen kraftverk. Middelvassføringa er 397 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1091 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,4 MW og vil etter planane produsere 11,6 GWh årleg. Det er planlagd ei minstevassføring på 20 l/s heile året. Dette er i storleik med berekna alminneleg lågvassføring.

Leirofossen kraftverk – Blåfall AS

Kraftverket vil nytte eit fall på 478 m i Steinsedalselvi og elva frå Leirovatnet. Det er planlagd inntak på kote 326 i begge elvene og kraftstasjon på kote 262. Vassvegen vil bli gravd ned. Det er planlagd felles kraftstasjon for Leirofossen og Steinsedalselvi kraftverk. Vegbygging vil bli som for Steinsedalselvi, med tillegg av 100 m veg til inntaket i Steinsedalselvi. Middelvassføringa er 1417 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 3896 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og vil etter planane produsere 5,73 GWh årleg. Det er planlagd ei minstevassføring på 58 l/s heile året. Dette er i storleik med berekna alminneleg lågvassføring.

Det er også søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av alle kraftverkene med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Vaksdal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kundetorget i Vaksdal kommune fram til **13.05.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

I samband med søknadane vil NVE arrangere eit **opent møte på Sjøbua på Eidsland onsdag 16. mars 2016 kl. 18.00**. Her vil søkjarane informere om prosjekta, og NVE vil orientere om handsaminga av søknadane. Det vil vere anledning til å stille spørsmål.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **13.05.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Anne Johanne Rogstad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Vedlegg:

Kunngjering
Orientering til høyringsparter
Kart
Søknadar (til kommunen)

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag
Bergen og Hordaland Turlag v/Nicolas Johan Ingebrigtsen Rodriguez
BKK Nett AS
BKK Nett AS v/Øystein Randal Berge
Blåfall AS
Blåfall AS v/André Aune Bjerke
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftsrådernes Landsforbund v/Bergen og Omland Friluftsråd
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland v/Anniken Friis
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland
Naturvernforbundet i Hordaland
NGK Utbygging AS
NGK Utbygging AS v/Jon Olav Volden
Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Norsk Grønnkraft AS v/Jon Olav Volden
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Vaksdal kommune
Vaksdal kommune v/Sveinung Klyve